

## **Aurland kommunestyre.**

### **Kommunesamanslåing med Sogn eller Vik/Voss?**

**Framtida må skapast heiter det!**

**To viktige faktorar som kommunane må oppfylle no og i framtida!**

**Difor blir samfunnsutviklar-rolla og anna utviklingsarbeid det aller viktigaste arbeidet for kommunevinnarane i framtida.**

**Samfunnsutvikling? Kva er det?**

**Modernisering, effektivisering, tilrettelegging, service, sosiale treffstader, kultur-, bumiljø, infrastruktur, transport osv.**

**Anna Utviklingsarbeid? Næringsutvikling/arbeidsplassetablering**

**Ulike spørsmål som kommunestyret bør reflektera over når de avgjer kommunen si skjebne.**

**Har kommunen ressursane, kompetansen, og kapasiteten til samfunnsutviklingsarbeidet som er nødvendig i dag og 50 – 100 år fram i tid?  
Hugs at siste kommunejustering var i 1956 . dvs. 60 år sida**

**Kva kultur har kommunen/kommunane for å drive samfunnsutvikling og anna utvikling, har dei kultur for dette i det heile?**

**Har kommunen/kommunane strategiske styringsdokument som er så konkrete at handlingar blir gjennomført eller kan gjennomførast?**

*Svaret må ikkje vere at det kan me få på plass, det er ikkje godt nok.*

*Min påstand er at: har ikkje kommunen dei ovannemnde tinga på plass, ja då vil ikkje den nødvendige endringa som må til heller ikkje kome på plass i tide, og ibuarane vert taparane.*

**Påstand 1) Kommunane vil samla sett få betre føresetnader til å løyse felles utfordringar og utnytte felles moglegheiter når det gjeld å skape vekst og utvikling.**

(er ikkje usamd, men saknar underbygging frå Telemarkforskning)

**Betyr det sentralisering av tilbod, der små miljø i dag må flytte saman?  
Avstandane til tilboda vil auke?**

**Påstand 2) Dersom kommunane i sterkare grad blir knytt saman i ein felles bu- og arbeidsmarknadsregion, kan det gjennom ein felles kommune vera lettare å koma til heilskaplege og framsynte løysingar der ein i større grad søker å stå sterkare i konkurransen mot andre regionar.**

(er ikkje usamd, saknar underbygging frå Telemarkforskning)

**Kva er heilskaplege løysingar her. Er det og sentralisering i større miljø. Kan det løysast med desentraliserte miljø og løysingar, nærast mogleg brukarane for å unngå auke i bilbruk og anna transport (vi må tenkje det grønne skifte og den 4 (nå) eller 5 (kjem) teknologi-revolusjon).**

*Desse to påstandane kan løysast med moderne teknologi i dag og åra som kjem. Det meste handlar om å jobbe smart og jobbe annaleis, og utnytt moglegheiter, utradisjonell tenkning, det er min påstand.*

## **RAPPORTANE SYNER:**

### **Kvifor slå oss saman?**

Rapportane frå Telemarksforskning syner at Aurland kommune (som eigen kommune) er sårbar for konjunkturar og vil ikkje stetta krava som kommunereforma legg opp til.

Dette er noko som mest truleg vil forsterke seg, og god økonomi i dag betyr ikkje god økonomi dei neste 50 åra. Rammevilkåra vil garantert endre seg for dei små kommunane som blir ståande att åleine. Kva då?

*Folketalet syner utflating og skal ikkje samfunnet forvitre så må det skje vekst i folketal og arbeidsplassar for å oppretthalde viktige funksjonar og fasilitetar i framtida.*

*Gjennom ei utflating av folketalet vil gjennomsnittsalderen gå opp, fordi dei eldre lever lenger og dei unge må flytte ut fordi det ikkje skjer vekst i eigen kommune. Dermed forvitrar samfunnet sakte og me vil ikkje vere i stand til å oppretthalde gode og framtidige tilbod.*

*Me vil heller ikkje tileigne oss kompetanse slik at me kan utvikla og modernisera tenester og tilbod lokalt. Dermed aukar presset på å flytte og viktig tilbod vil falle bort. Verdier skapt over tid vil falla i verdi og heile samfunnet er i fare.*

*Difor er utvikling og modernisering dei viktigaste faktorane om Aurland/Flåm/Undredal og Gudvangen skal overleva som bu- og arbeidsmarknad i framtida. Dermed krev det at me går inn i større region der me kan nyttiggjere oss av synergjar som automatisk vil følgje.*

*I ein større kommune kan me påverke viktige infrastrukturgrep som minskar avstandar og gjev nye mulegheiter for dei unge. Dei kan bu i Aurland og i større grad pendle og bidreg til ny kompetanse og moderniseringa i mykje større grad.*

*God breibandsdekning i heile kommunen vil vere eit avgjerande grep og viktig infrastrukturtiltak.*

## ***Kva talar for at me bør gå saman i ein stor-kommune (Sogn eller Vik/Voss)***

**MYKJE BLIR USIKKERT OM VI BLIR STÅANDE ÅLEINE!!!!**

**ØKONOMI, RAMMEVILKÅR GENERELT, TVANG, BLIR SITJANDE PÅ SIDELINJA AV EIN ELLER FLEIRE REGIONAR VI IKKJE ER EIN DEL AV, NÆRINGSLIV, IBUARAR OSV. BLIR TAPARANE. VIKTIGE INVESTERINGAR FRÅ BEDRIFTER/NÆRINGSLIV KAN UTEBLI GRUNNA USIKKERHEITA SOM OPPSTÅR.**

- 1. KVA ER EIN REDD FOR OM EIN SLÅR SEG SAMAN?**
- 2. ER DEN POLITISKE LEIINGA BEREDD TIL Å TA RISIKOEN OG SOM FØLGJER AV Å STÅ ÅLEINE?**
- 3. KORLEIS KAN VI PÅSTÅ AT Å STÅ ÅLEINE ER BESTE LØYSINGA?**
- 4. VIL EIN MAKTA Å MØTA KRAV OG UTVIKLING FRÅ SENTRALE STYREMAKTER, BEDRIFTER OG IBUARAR?**
- 5. VIL EIN MAKTA Å MØTE KOMEPTANSEBEHOVET SOM OPPSTÅR OG KONKURRANSEN OM ARBEIDSKRAFTA.**

**Slik kunne ein halde på.**

**Blir me sitjande på utsida åleine, må me berre akseptere at ting skjer og me får ikkje tal del i avgjerder som vil påverke utviklinga vår dei neste 50 – 60 åra. Kjøp av interkommunale tenester, ja, men til kva pris?**

**Me kjem til å forvitre innanfrå, blir taparane, fordi me fort kan bli ein liten kommune mellom to større kommunar/regionar. Kompetansen vil bli sugd mot storkommunen og utviklinga vil skje der. Dette kan me vere med å påverke om vi tek del i den nye storkommunen.**

## **Vegen vidare (Forventar at kommunestyret tek utfordringa).**

**Viktig fokus for dei som skal ta avgjerda om skjebna vår dei neste 50 – 100 åra!**

- **Ver framoverlent**
- **Ver open**
- **Sjå mulegheiter**
- **Tenk utvikling**

**Ibuarane treng mest mogleg objektive data med bakgrunn i rapportane som ligg føre.**

**Føremoner og ulemper ved dei ulike alternativa må kome fram i størst mogleg grad, og om det er slik at eigen kommune er eit alternativ (eg meiner det er ikkje det).**


**Det må fram-forhandlast to intensjonsavtalar, og etter grundige informasjonsmøter kan intensjonsavtalane eventuelt leggest fram for folkerøysting. Er det slik at det eine intensjonsavtala er betre enn den andre bør det kanskje ikkje gjennomførast folkerøysting.**

- 1. Sogn alternativet**
- 2. Vik/Voss alternativet**

*Primært ønskjer eg Sogn. Då me er sogningar (historisk sett) og har Sognefjorden som den aller største merkevara. I tillegg har me fleire likeverdige kommunar i dag som går saman, då med ulike fortrinn.*

**Med eit sterkt ønskje om utvikling!**

**Aurland, 1. februar 2016**

  
**Magne Forberg.**